



OSTERØY
KOMMUNE

MØTEBOK
Formannskapet



Møtedato: 12.02.2025
Møtetid: 14:00 - -18:00
Møtestad: Lonevåg, rådhuset, Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Lars Fjeldstad	Ordfører	SP
Alexander Thunestvedt	Varaordfører	AP
Turid Bjørndal Njåstad	Medlem	SP
Ann Kristin Borge	Medlem	AP
Sebastian Andre Haugland	Medlem	H
Kim Andre Hartveit	Medlem	FRP
Ragnar J Tyssebotn	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
-------------	--------------	--------------

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
-------------	-----------------	--------------

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Runar Ludvigsen
Aleksander Bergli

Ekstra informasjon til møte:

Møtebok er publisert på kommunen si nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Tittel	Unntak frå innsyn
RS 1/25	Orientering frå Skyss	
PS 1/25	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 2/25	Godkjenning av møtebok 20.11.2024	
PS 3/25	Referatsaker og meldinger	
RS 2/25	Signert: Protokoll	Offl. § 13 1. ledd, jf. Fvl. § 13 1. ledd
RS 3/25	Vedrørande båtrote Osterfjorden	
RS 4/25	Oppfølging av budsjettvedtak for 2025 på 50% avdelingsleiar i heimetenesta	
RS 5/25	Konsekvensar av vedtak i Heradstyre om nedtrekk ferievikar - budsjett og økonomiplan 2025-2028	
PS 4/25	Temaplan psykisk helse og rusomsorg 2025 - 2029	
PS 5/25	Eigarskapsmelding	
PS 6/25	KS debathefte	
PS 7/25	Tilleggsføring oppføring av forsterka bustadar Reigstad	
PS 8/25	Lokale retningslinjer skilt - blå stadnamnskilt og brune serviceskilt	
EV 1/25	Andre saker/spørsmål	

Lars FjeldstadOrdførar

RS 1/25 Orientering frå Skyss

PS 1/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming i Formannskapet - 12.02.2025 av sak 1/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Sak PS 4/25 vert trekt.

Sak RS 2/25 vert trekt og blir lagt fram på nytt i neste møte.

Votering:

Innkalling og saksliste vart godkjend med over nemnde endring.

Vedtak i Formannskapet - 12.02.2025 av sak 1/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vart godkjend med over nemnde endring.

PS 2/25 Godkjenning av møtebok 20.11.2024

Handsaming i Formannskapet - 12.02.2025 av sak 2/2025 Godkjenning av møtebok 20.11.2024:

Møtebok vart samrøystes godkjend

Vedtak i Formannskapet - 12.02.2025 av sak 2/2025 Godkjenning av møtebok 20.11.2024:

Møtebok vart godkjend

PS 3/25 Referatsaker og meldinger

Handsaming i Formannskapet - 12.02.2025 av sak 3/2025 Referatsaker og meldinger:

Referatsakene vart tekne til vitande.

Vedtak i Formannskapet - 12.02.2025 av sak 3/2025 Referatsaker og meldinger:

Teken til vitande

PS 4/25 Temaplan psykisk helse og rusomsorg 2025 - 2029

Handsaming i Formannskapet - 12.02.2025 av sak 4/2025 Temaplan psykisk helse og rusomsorg 2025 - 2029:

Saka vert trekt.

Vedtak i Formannskapet - 12.02.2025 av sak 4/2025 Temaplan psykisk helse og rusomsorg 2025 - 2029:

Saka vert trekt.

PS 5/25 Eigarskapsmelding

Handsaming i Formannskapet - 12.02.2025 av sak 5/2025 Eigarskapsmelding:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Eigarskapsmeldinga vert vedteke slik den ligg føre med alternativ 1 som modell for eigarskap av anlegg: Anlegga vert eigd, drifta og forvalta av frivillig lag eller organisasjon. Vilkår for at grunnen vert leigd ut, er at det vert gjeve tilgang til idrett-, friluftslivs- og undervisningsformål. Økonomisk støtte frå kommunen vert gitt som leigeinntekter etter avtale.

Heradsstyret ber administrasjonen gå i dialog med Osterøy aktiv og Osterøy IL om å definere Osterøyhallen og Osterøy stadion som sentralidrettsanlegg i kommunen, og kome tilbake med forslag til driftsløysingar (inkludert anleggseigar) for disse anlegga.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 12.02.2025 av sak 5/2025 Eigarskapsmelding:

Eigarskapsmeldinga vert vedteke slik den ligg føre med alternativ 1 som modell for eigarskap av anlegg: Anlegga vert eigd, drifta og forvalta av frivillig lag eller organisasjon. Vilkår for at grunnen vert leigd ut, er at det vert gjeve tilgang til idrett-, friluftslivs- og undervisningsformål. Økonomisk støtte frå kommunen vert gitt som leigeinntekter etter avtale.

Heradsstyret ber administrasjonen gå i dialog med Osterøy aktiv og Osterøy IL om å definere Osterøyhallen og Osterøy stadion som sentralidrettsanlegg i kommunen, og kome tilbake med forslag til driftsløysingar (inkludert anleggseigar) for disse anlegga.

Handsaming i Formannskapet - 12.02.2025 av sak 6/2025 KS debatthefte:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

KS Debatthefte 2025 - Frå forventning til verkelegheit.

Osterøy kommune sine innspel

For oss i Osterøy kommune kjem denne diskusjonen på eit særskilt viktig tidspunkt. Vi ser tydeleg korleis befolkninga endrar seg - talet på eldre aukar, medan det blir færre i arbeidsfør alder. Samstundes merkar vi at økonomien blir strammare enn han nokon gong har vore, noko som gjer det endå meir utfordrande å møte innbyggjarane sine behov og ønske.

Forventningsgap og folkevald rolle i Osterøy

I Osterøy kommune står vi overfor fleire store og komplekse utfordringar som legg press på tenestene våre. Spesielt innan helse- og omsorgssektoren opplever vi aukande etterspurnad, noko som i stor grad skuldast ei aldrande befolkning, samt barn og unge med store omsorgsbehov gjennom heile livet. Dette stiller høge krav til kapasitet, kompetanse og kvalitet i tenestene våre. Samstundes har vi eit stort behov for investeringar i både bygningar og infrastruktur for å sikre at vi kan tilby innbyggjarane gode og framtidsretta tenester. Desse utfordringane vert forsterka av ein pressa kommuneøkonomi, som gjer det vanskeleg å gjennomføre naudsynte tiltak og investeringar.

Ein annan stor utfordring vi møter, er rekrutteringa av kvalifisert fagpersonell. Fleire sektorar slit med å få tak i kompetente tilsette, noko som påverkar både kapasitet og kvalitet i tenestene. Dette er ei problemstilling vi må finne langsiktige løysingar på for å sikre ei berekraftig utvikling av kommunen vår.

For å møte desse utfordringane på ein ansvarleg og effektiv måte, er det avgjerande at vi tek grep på fleire område. Vi må ha ein tydeleg og transparent prosess for korleis vi prioriterer ressursane i budsjettarbeidet.

Kommunesektoren står i ein stadig meir krevjande økonomisk situasjon, og det er viktig at dei folkevalde har god innsikt i økonomistyring og planlegging. KS kan spele ei viktig rolle ved å tilby betre opplæring og rettleiing innan desse områda. Ei styrking av folkevaldopplæringa vil gi dei betre føresetnader for å ta gode, langsiktige avgjerder som gagnar kommunen som heilskap.

Vi treng og betre verktøy for langsiktig planlegging. Gode prognosemodellar og strategiske verktøy vil hjelpe oss med å ta informerte avgjerder om framtidig utvikling. Dette vil gjere oss betre rusta til å planleggje for vekst, sikre god fordeling av ressursar og møte innbyggjarane sine behov på ein berekraftig måte.

Osterøy kan dra nytte av erfaringane til andre kommunar som har lukkast med liknande utfordringar. KS bør leggje til rette for meir samarbeid, nettverksbygging og deling av beste

praksis mellom kommunane. Ved å lære av kvarandre kan vi unngå feil og finne meir effektive løysingar på felles utfordringar.

Osterøy kommune står ovanfor ein omfattande omstillingsprosessar som krev endringar i både drift, organisering og prioriteringar. KS kan bidra med støtte og rådgjeving for å sikre at desse prosessane vert gjennomførte på ein god og forsvarleg måte. Gjennom desse tiltaka kan vi styrke folkevald rolla, skape meir openheit rundt kommunale prioriteringar og sikre at Osterøy kommune er rusta til å møte framtida på ein berekraftig måte. Det krev ein heilskapleg innsats, god leiing og tett samarbeid mellom administrasjon, folkevald og innbyggjarar. Ved å byggje kunnskap, dele erfaringar og bruke tilgjengelege ressursar på ein smart måte, kan vi sikre at kommunen vår held fram med å vere ein god stad å bu og leve i.

Dialog med innbyggjarane

For å lukkast med dei krevjande endringane som kjem, må vi ha ein open og ærleg dialog med innbyggjarane våre. Det er ikkje nok å berre informere, vi må også skape forståing og invitere til aktiv deltaking i diskusjonane om korleis vi skal forme framtidas Osterøy.

Vi vil utvikle ein heilskapleg kommunikasjonsstrategi som gjer det lettare for innbyggjarane å forstå kvifor vi tek dei vala vi gjer. Dette handlar ikkje berre om å formidle informasjon, men og om å lytte til innbyggjarane sine synspunkt og behov. For å styrke dialogen vil vi bruka dei møteplassane vi har mellom kommunen og innbyggjarane blant anna gjennom aktiv bruk av sosiale medium for å nå ut til fleire og skape dialog.

Vidare ønskjer vi å styrke medverknaden i planprosessane våre ved å involvere innbyggjarar og næringsliv tidlegare i prosessane, ta i bruk moderne digitale verktøy som gjer det enklare å delta, og ha tett dialog med lag og organisasjonar som representerer ulike grupper i samfunnet. Ved å skape ein open og inkluderande dialog kan vi sikre at Osterøy kommune utviklar seg i takt med innbyggjarane sine behov og forventningar.

Nasjonale styresmakter og handlingsrom

Medan kommunane har stort ansvar for å levere gode tenester til innbyggjarane, ser vi ei bekymringsverdig utvikling der det lokale handlingsrommet blir stadig meir avgrensa. Dette skjer gjennom fleire parallelle prosessar som samla sett gjer det vanskelegare å finne gode lokale løysingar.

Detaljstyringa gjennom lovverk og forskrifter har auka markant dei siste åra.

Bemanningsnormene i barnehage og skule illustrerer dette godt. Sjølv om intensjonen er god, det å sikre kvalitet i tenestene, fører dei rigide krava til at kommunane må prioritere å oppfylle normtala framfor å vurdere kva som gjev best kvalitet ut frå lokale forhold. I mindre kommunar kan dette bety at ein må ha fleire tilsette enn det som eigentleg trengs i periodar, medan ein i pressområde slit med å innfri krava.

I helse- og omsorgssektoren har vi liknande utfordringar med kompetansekrava.

Dokumentasjons- og sakshandsamingskrava har også vakse betydeleg. Medan god dokumentasjon er viktig for rettstryggleiken, har pendelen svinga for langt. Tilsette brukar

no ein urimeleg stor del av arbeidsdagen på å dokumentere og rapportere, tid som kunne vore brukt på å utvikle og levere betre tenester til innbyggjarane.

Tilsyn og kontrollregimet har også blitt meir omfattande. Sjølv om tilsyn er nødvendig, opplever vi at mengda tilsyn og detaljnivået i kontrollane ikkje står i forhold til risiko og viktigheit. Førebuingar til tilsyn, gjennomføring og etterfølgjande rapportering tek mykje tid og ressursar frå leiarar og fagpersonell. Dette går ut over kapasiteten til å drive utviklingsarbeid og forbetre tenestene.

Internkontrollkrava har utvikla seg til å bli særskild detaljerte og arbeidskrevjande. Medan god internkontroll skal bidra til betre tenester og redusert risiko, ser vi no at krava blir så omfattande at dei faktisk kan redusere handlekrafta vår. Leiarar og medarbeidarar brukar uforholdsmessig mykje tid på å dokumentere rutinar og kontrollar, tid som kunne vore brukt på å levere og utvikle tenester.

For å sikre gode kommunale tenester i framtida er det avgjerande at nasjonale styresmakter forstår desse utfordringane. Vi treng:

- ☐ Ein grundig gjennomgang av eksisterande regelverk med mål om forenkling

- ☐ Meir tillitsbasert styring der kommunane får større handlingsrom

- ☐ Betre balanse mellom kontroll og utvikling

- ☐ Meir fleksible kompetansekrav som tek omsyn til lokale forhold

- ☐ Reduserte rapporteringskrav og meir effektive tilsynsprosessar

Dette handlar ikkje om å senke kvaliteten på tenestene (sjølv om det også vil vere nødvendig), men om å finne ein betre balanse mellom nasjonale standardar og lokalt handlingsrom. Berre slik kan vi sikre berekraftige velferdstenester tilpassa lokale behov og føresetnader.

Tariffoppgjeret 2025

Tariffoppgjeret 2025 krev ei heilskapleg tilnærming som balanserer økonomiske omsyn med strategisk kompetansebygging. For Osterøy kommune er hovudutfordringa å skape eit lønssystem som både sikrar rettferdig lønn og motiverer til fagleg utvikling, samt gjer oss konkurransedyktig i høve til nabokommunane.

Kompetanse handlar ikkje berre om studiepoeng, men om reell fagleg og pedagogisk dugleik som støttar elevane sin læring. Dagens utfordring er at ein lektor med tilleggsutdanning kan få høg lønn etter garantilønstabellen, sjølv utan dei rette kvalifikasjonane for undervisning. Eit eksempel er ein lektor med arkeologibakgrunn som får høg lønn utan relevante fagleg utdanning for å undervisa i kommunens skular.

Konkurransen om arbeidskraft i regionen er særskild krevjande. Nabokommunar som Bergen og Alver tilbyr ofte meir gunstige lønnsvilkår, noko som gjer rekruttering av kompetent personell til Osterøy svært vanskeleg. Innan kritiske sektorar som helse, skule og kommunal forvaltning ser vi ei vedvarande utfordring med å behalde og tiltrekke oss dei beste kandidatane.

Spesielt innan helsesektoren og læraryrket ser vi at kompetente fagfolk let seg lokke av betre lønsvilkår i nabokommunane. Dette gjeld særleg spesialistar som psykologar, fagspesialistar og erfarne leiarar. Osterøy kommune må difor tenke nytt og kreativt for å kunne konkurrere om den same arbeidskrafta.

Eit strategisk tariffoppgjer må difor ikkje berre handle om kroner og øyre, men om heilskapleg kompetanseutvikling. Vi treng eit lønssystem som ikkje berre er konkurransedyktig, men som og premier relevant kompetanse, motiverer til fagleg utvikling og sikrar dei beste kandidatane.

Målet må vere eit lønssystem som motiverer dei beste kandidatane, sikrar kompetent bemanning og gjer Osterøy kommune til ein attraktiv arbeidsplass. Dette krev eit tariffoppgjer som balanserer økonomiske omsyn, kompetanseutvikling og dei tilsette sine behov.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 12.02.2025 av sak 6/2025 KS debatthefte:

KS Debatthefte 2025 - Frå forventning til verkelegheit.

Osterøy kommune sine innspel

For oss i Osterøy kommune kjem denne diskusjonen på eit særst viktig tidspunkt. Vi ser tydeleg korleis befolkninga endrar seg - talet på eldre aukar, medan det blir færre i arbeidsfør alder. Samstundes merkar vi at økonomien blir strammare enn han nokon gong har vore, noko som gjer det endå meir utfordrande å møte innbyggjarane sine behov og ønskje.

Forventningsgap og folkevald rolle i Osterøy

I Osterøy kommune står vi overfor fleire store og komplekse utfordringar som legg press på tenestene våre. Spesielt innan helse- og omsorgssektoren opplever vi aukande etterspurnad, noko som i stor grad skuldast ei aldrande befolkning, samt barn og unge med store omsorgsbehov gjennom heile livet. Dette stiller høge krav til kapasitet, kompetanse og kvalitet i tenestene våre. Samstundes har vi eit stort behov for investeringar i både bygningar og infrastruktur for å sikre at vi kan tilby innbyggjarane gode og framtidsretta tenester. Desse utfordringane vert forsterka av ein pressa kommuneøkonomi, som gjer det vanskeleg å gjennomføre naudsynte tiltak og investeringar.

Ein annan stor utfordring vi møter, er rekrutteringa av kvalifisert fagpersonell. Fleire sektorar slit med å få tak i kompetente tilsette, noko som påverkar både kapasitet og kvalitet i tenestene. Dette er ei problemstilling vi må finne langsiktige løysingar på for å sikre ei berekraftig utvikling av kommunen vår.

For å møte desse utfordringane på ein ansvarleg og effektiv måte, er det avgjerande at vi tek grep på fleire område. Vi må ha ein tydeleg og transparent prosess for korleis vi prioriterer ressursane i budsjettarbeidet.

Kommunesektoren står i ein stadig meir krevjande økonomisk situasjon, og det er viktig at dei folkevalde har god innsikt i økonomistyring og planlegging. KS kan spele ei viktig rolle ved å tilby betre opplæring og rettleiing innan desse områda. Ei styrking av folkevaldopplæringa vil gi dei betre føresetnader for å ta gode, langsiktige avgjerder som gagnar kommunen som heilskap.

Vi treng og betre verktøy for langsiktig planlegging. Gode prognosemodellar og strategiske verktøy vil hjelpe oss med å ta informerte avgjerder om framtidig utvikling. Dette vil gjere oss betre rusta til å planleggje for vekst, sikre god fordeling av ressursar og møte innbyggjarane sine behov på ein berekraftig måte.

Osterøy kan dra nytte av erfaringane til andre kommunar som har lukkast med liknande utfordringar. KS bør leggje til rette for meir samarbeid, nettverksbygging og deling av beste praksis mellom kommunane. Ved å lære av kvarandre kan vi unngå feil og finne meir effektive løysingar på felles utfordringar.

Osterøy kommune står ovanfor ein omfattande omstillingsprosessar som krev endringar i både drift, organisering og prioriteringar. KS kan bidra med støtte og rådgjeving for å sikre at desse prosessane vert gjennomførte på ein god og forsvarleg måte. Gjennom desse tiltaka kan vi styrke folkevald rolla, skape meir openheit rundt kommunale prioriteringar og sikre at Osterøy kommune er rusta til å møte framtida på ein berekraftig måte. Det krev ein heilskapleg innsats, god leiing og tett samarbeid mellom administrasjon, folkevald og innbyggjarar. Ved å byggje kunnskap, dele erfaringar og bruke tilgjengelege ressursar på ein smart måte, kan vi sikre at kommunen vår held fram med å vere ein god stad å bu og leve i.

Dialog med innbyggjarane

For å lukkast med dei krevjande endringane som kjem, må vi ha ein open og ærleg dialog med innbyggjarane våre. Det er ikkje nok å berre informere, vi må også skape forståing og invitere til aktiv deltaking i diskusjonane om korleis vi skal forme framtidas Osterøy.

Vi vil utvikle ein heilskapleg kommunikasjonsstrategi som gjer det lettare for innbyggjarane å forstå kvifor vi tek dei vala vi gjer. Dette handlar ikkje berre om å formidle informasjon, men og om å lytte til innbyggjarane sine synspunkt og behov. For å styrke dialogen vil vi bruka dei møteplassane vi har mellom kommunen og innbyggjarane blant anna gjennom aktiv bruk av sosiale medium for å nå ut til fleire og skape dialog.

Vidare ønskjer vi å styrke medverknaden i planprosessane våre ved å involvere innbyggjarar og næringsliv tidlegare i prosessane, ta i bruk moderne digitale verktøy som gjer det enklare å delta, og ha tett dialog med lag og organisasjonar som representerer ulike grupper i samfunnet. Ved å skape ein open og inkluderande dialog kan vi sikre at Osterøy kommune utviklar seg i takt med innbyggjarane sine behov og forventningar.

Nasjonale styresmakter og handlingsrom

Medan kommunane har stort ansvar for å levere gode tenester til innbyggjarane, ser vi ei bekymringsverdig utvikling der det lokale handlingsrommet blir stadig meir avgrensa. Dette skjer gjennom fleire parallelle prosessar som samla sett gjer det vanskelegare å finne gode lokale løysingar.

Detaljstyringa gjennom lovverk og forskrifter har auka markant dei siste åra.

Bemanningsnormene i barnehage og skule illustrerer dette godt. Sjølv om intensjonen er god, det å sikre kvalitet i tenestene, fører dei rigide krava til at kommunane må prioritere å oppfylle normtala framfor å vurdere kva som gjev best kvalitet ut frå lokale forhold. I mindre kommunar kan dette bety at ein må ha fleire tilsette enn det som eigentleg trengs i periodar, medan ein i pressområde slit med å innfri krava.

I helse- og omsorgssektoren har vi liknande utfordringar med kompetansekrava.

Dokumentasjons- og sakshandsamingskrava har også vakse betydeleg. Medan god dokumentasjon er viktig for rettstryggleiken, har pendelen svinga for langt. Tilsette brukar no ein urimeleg stor del av arbeidsdagen på å dokumentere og rapportere, tid som kunne vore brukt på å utvikle og levere betre tenester til innbyggjarane.

Tilsyn og kontrollregimet har også blitt meir omfattande. Sjølv om tilsyn er nødvendig, opplever vi at mengda tilsyn og detaljnivået i kontrollane ikkje står i forhold til risiko og viktigheit. Førebuingar til tilsyn, gjennomføring og etterfølgjande rapportering tek mykje tid og ressursar frå leiarar og fagpersonell. Dette går ut over kapasiteten til å drive utviklingsarbeid og forbetre tenestene.

Internkontrollkrava har utvikla seg til å bli særst detaljerte og arbeidskrevjande. Medan god internkontroll skal bidra til betre tenester og redusert risiko, ser vi no at krava blir så omfattande at dei faktisk kan redusere handlekrafta vår. Leiarar og medarbeidarar brukar uforholdsmessig mykje tid på å dokumentere rutinar og kontrollar, tid som kunne vore brukt på å levere og utvikle tenester.

For å sikre gode kommunale tenester i framtida er det avgjerande at nasjonale styresmakter forstår desse utfordringane. Vi treng:

☐ Ein grundig gjennomgang av eksisterande regelverk med mål om forenkling

☐ Meir tillitsbasert styring der kommunane får større handlingsrom

☐ Betre balanse mellom kontroll og utvikling

☐ Meir fleksible kompetansekrav som tek omsyn til lokale forhold

☐ Reduserte rapporteringskrav og meir effektive tilsynsprossar

Dette handlar ikkje om å senke kvaliteten på tenestene (sjølv om det også vil vere nødvendig), men om å finne ein betre balanse mellom nasjonale standardar og lokalt handlingsrom. Berre slik kan vi sikre berekraftige velferdstenester tilpassa lokale behov og føresetnader.

Tariffoppgjeret 2025

Tariffoppgjeret 2025 krev ei heilskapleg tilnærming som balanserer økonomiske omsyn med strategisk kompetansebygging. For Osterøy kommune er hovudutfordringa å skape eit lønssystem som både sikrar rettferdig lønn og motiverer til fagleg utvikling, samt gjer oss konkurransedyktig i høve til nabokommunane.

Kompetanse handlar ikkje berre om studiepoeng, men om reell fagleg og pedagogisk dugleik som støttar elevane sin læring. Dagens utfordring er at ein lektor med tilleggsutdanning kan få høg lønn etter garantilønstabellen, sjølv utan dei rette kvalifikasjonane for undervisning. Eit eksempel er ein lektor med arkeologibakgrunn som får høg lønn utan relevante fagleg utdanning for å undervisa i kommunens skular.

Konkurransen om arbeidskraft i regionen er særskild krevjande. Nabokommunar som Bergen og Alver tilbyr ofte meir gunstige lønsvilkår, noko som gjer rekruttering av kompetent personell til Osterøy svært vanskeleg. Innan kritiske sektorar som helse, skule og kommunal forvaltning ser vi ei vedvarande utfordring med å behalde og tiltrekke oss dei beste kandidatane.

Spesielt innan helsesektoren og læraryrket ser vi at kompetente fagfolk let seg lokke av betre lønsvilkår i nabokommunane. Dette gjeld særleg spesialistar som psykologar, fagspesialistar og erfarne leiarar. Osterøy kommune må difor tenke nytt og kreativt for å kunne konkurrere om den same arbeidskrafta.

Eit strategisk tariffoppgjer må difor ikkje berre handle om kroner og øyre, men om heilskapleg kompetanseutvikling. Vi treng eit lønssystem som ikkje berre er konkurransedyktig, men som og premier relevant kompetanse, motiverer til fagleg utvikling og sikrar dei beste kandidatane.

Målet må vere eit lønssystem som motiverer dei beste kandidatane, sikrar kompetent bemanning og gjer Osterøy kommune til ein attraktiv arbeidsplass. Dette krev eit tariffoppgjer som balanserer økonomiske omsyn, kompetanseutvikling og dei tilsette sine behov.

PS 7/25 Tilleggsøyving oppføring av forsterka bustadar Reigstad

Handsaming i Formannskapet - 12.02.2025 av sak 7/2025 Tilleggsøyving oppføring av forsterka bustadar Reigstad:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at bygging av tre bustadar og personalbase på Reigstad vert iverksett og at opprinneleg løyving vert auka med kr. 1,2 mill. inkl. mva. til ei samla løyving på kr. 8,7 mill. inkl. mva.

Ein må seinare på året vurdere om tilleggsøyvinga skal finansierast gjennom auka låneopptak, eller innanfor den vedtekne ramma for investeringsbudsjett i 2025 på grunn av mindreforbruk eller forseinkingar i andre prosjekt.

Framlegg til vedtak frå Kim Andre Hartveit (Frp):

tomta er ikkje egnelig for bustader, og forsterka bustader bør lokaliserast på ei meir egnelig tomt.

noverande tomt skal selgast på det oppne markedet.

Votering:

Framlegg til vedtak frå Kim Andre Hartveit (Frp) vart sett opp mot framlegget frå kommunedirektøren.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 5 røyster for (2Sp, H, 2Ap) og 2 røyster mot (2Frp).

Vedtak i Formannskapet - 12.02.2025 av sak 7/2025 Tilleggsøyving oppføring av forsterka bustadar Reigstad:

Kommunedirektøren tilrår at bygging av tre bustadar og personalbase på Reigstad vert iverksett og at opprinneleg løyving vert auka med kr. 1,2 mill. inkl. mva. til ei samla løyving på kr. 8,7 mill. inkl. mva.

Ein må seinare på året vurdere om tilleggsøyvinga skal finansierast gjennom auka låneopptak, eller innanfor den vedtekne ramma for investeringsbudsjett i 2025 på grunn av mindreforbruk eller forseinkingar i andre prosjekt.

PS 8/25 Lokale retningslinjer skilt - blå stadnamnskilt og brune serviceskilt

Handsaming i Formannskapet - 12.02.2025 av sak 8/2025 Lokale retningslinjer skilt - blå stadnamnskilt og brune serviceskilt:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Retningslinjene for blå stadnamnskilt og brune serviceskilt i Osterøy kommune blir vedteke slik dei ligg føre.
2. Kommunen ber Vestland fylke etablere følgjeskilting med severdigheitsskilt 640.10 (brunt kringleskilt) frå Osterøybrua og ferjekaia på Valestrand til Kossdalssvingane.
3. Kommunedirektøren får i oppdrag å gjennomføre ei rasvurdering av Kossdalssvingane ved hjelp av tildelte midlar frå Vestland fylke, og komme tilbake med ei orienteringssak til heradsstyret i løpet av første halvår 2025.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 12.02.2025 av sak 8/2025 Lokale retningslinjer skilt - blå stadnamnskilt og brune serviceskilt:

1. Retningslinjene for blå stadnamnskilt og brune serviceskilt i Osterøy kommune blir vedteke slik dei ligg føre.
2. Kommunen ber Vestland fylke etablere følgjeskilting med severdigheitsskilt 640.10 (brunt kringleskilt) frå Osterøybrua og ferjekaia på Valestrand til Kossdalssvingane.
3. Kommunedirektøren får i oppdrag å gjennomføre ei rasvurdering av Kossdalssvingane ved hjelp av tildelte midlar frå Vestland fylke, og komme tilbake med ei orienteringssak til heradsstyret i løpet av første halvår 2025.

EV 1/25 Andre saker/spørsmål

Handsaming i Formannskapet - 12.02.2025 av sak 1/2025 Andre saker/spørsmål:

Vedtak i Formannskapet - 12.02.2025 av sak 1/2025 Andre saker/spørsmål:

Det vert ikkje fatta noko vedtak i denne saka.

